

## Framlegg til sak på årsmøte i Bygdø Monolitten IL 2019 frå medlem Kjartan Helleve:

### Framlegg:

Momskompensasjonen som klubben får kvart år skal ikkje lenger gå inn i budsjettet til fellesavdelinga. I staden skal den fordelast som inntekt til greinene etter kor mange aktive utøvarar greiene har.

### Argumentasjon:

Det blir arbeidd godt i alle dei tre greinene, med tydelege sportslege ambisjonar. Det blir stadig fleire betalte trenarar, som er naudsynt for å ta dei ekstra stega. Men denne satsinga kostar. Resultatet er at greinene opplever økonomien som smal, og difor aukar treningsavgiftene stadig. For 13-/14-åringar kostar det kr 3500,- i treningsavgift i fotball (meir enn ein gong i veka) og handball (haust+vår). Innebandy ligg litt lågare. I tillegg kjem utstyr, medlemskap og lisens. Greinene gjer så godt dei kan for å halde kostnivået nede, men økonomien kunne ha vore betre.

Fellesavdelinga har kr 1 500 000 i inntekter kvart år, ein kombinasjon av medlemsavgift og offentleg tilskot. I fjor gjekk fellesavdelinga med overskot på kr 339 000.

Det er urimeleg at fellesavdelinga har såpass rause økonomiske rammer, medan greiene opplever det motsette. Difor er framlegget at noko av den stønaden som i dag står som inntekt i budsjettet til fellesavdelinga i staden blir fordelt på greiene.

Tilskota frå idrettsforbundet og aktivitetsmidlane er knytt til born og unge. Momskompensasjonen er knytt til omsetting, og gjeld difor alle aktive utøvarar i klubben. I fjor var tilskotet kr 343 000. Fordelt på utøvarar i greinene (2018) ville det ha gitt fylgjande ekstra tilskot:

Fotball	kr 158 800	(491 utøvarar)
Handball	kr 80 900	(250 utøvarar)
Innebandy	kr 79 900	(247 utøvarar)
Allidrett	kr 23 400	(72 utøvarar)
	kr 343 000	1060 utøvarar

Dette er ikkje ei oppmoding til greinene om å auka utgiftene, men eit tilskot slik at ein greie å halde treningsavgiftene nede, eventuelt kutte dei. Det er også grunnen til at me får desse tilskota. Det må likevel også i framtida vera naturleg å krevje at dei ulike greiene går i balanse økonomisk.